



Viljar Tveit og Martin Hjelmeland Arnesen ved posten på Døssland. Dei er ikkje i tvil om kva hesten på staden og sauen sitt born heiter

Rundt rekna 60 var med i det etterkvart tradisjonelle rebusløpet på sykkel rundt bygda i dag og det var imponerende med tanke på veret. Kulingbygene var strie, men timinga perfekt: Då løpet var ferdig kom regnet!

Idrettslaget kan notera seg for eit nytt vellukka arrangement med Heio som base. Dei 19 laga hadde mannskap som varierte mellom 2 og 5.



Vinnarlaget kan kallast ein storfamilie

Eit storfamilielag bestående av Åsne, Linnea, Siren, Aslaug og Sara gjekk til topps ved loddrekning. Det hadde samme poengsum som familien Bråtun. På tredjeplass kom familien Yri Røssland.

Primus motor for tevlinga Odd Steinar Arnesen hadde klekka ut dei 20 spørsmåla fordelt på 10 postar og deltakarane syntes dei var akkurat passe krevjande. I alle fall var dei ikkje meir intrikate enn at også dei yngste kunne svara rett på dei fleste.

Løpet er ein god tradisjon som også har ei viktig sosial side. Men kanskje kunne idrettslaget lokka med meir fristande premiar?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Familien Yri Røssland i innspurten etter å ha løyst spørsmåla på Døssland.